

### **Tilkopling av LS-anlegg til HKN sitt ledningsnett.**

- a. HKN nyttar gjeldande utgåve av NEK 399 som grunnlag for nye tilknytningar. Det vert presisert at måler skal plasserast i det utvendige skåpet i tråd med NEK 399.
- b. Alle anlegg skal vera forhåndsmeldt minst tre veker før arbeidet vert påbegynt.
- c. Ferdigmelding/tilkoplingsmelding skal vera sendt HKN min. tre veker før forventa tilkoplingsdato. Datoen må vera avtalt med HKN, slik at HKN kan tilpasse tilkoplinga til sine arbeidsplanar for å få utført dette så snart som råd.
- d. Jordelektrode, e-verksjord og andre utjevninger skal merkast slik at desse kan identifiserast og målast på eit seinare tidspunkt.  
Anlegget skal vera merka i tråd med aktuelt spenningsystem.
- e. Ved tilkobling av målar skal punkt d. være utført og eventuelt anleggsbidrag være innbetalt. Dersom dette ikkje er i orden vil anlegget ikkje bli spenningssett og ansvarlig installatør vil bli belasta for medgåtte kostnader.


Tiltak som ikkje utløyser krav om utvendig målar-skåp er:

- Auke i OV som ikkje medfører endring i anlegget
- Tilkopling av tredje fase
- Ny inntakskabel (ikkje stikkledning, men kabel mellom inntaket og sikrings-skåp)
- Utskifting av sikrings-skåp

### **Forlegning av stikkledning/inntakskabel**

Stikkledning skal ha 40 cm overdekning fram mot grunnmuren og ligge under markplatene/ isolasjonsplatene.

**For at HKN ikkje skal måtte utsetje tilkopling av anlegget er det svært viktig at kabelen vert forlagt på forskriftsmessig måte. Ved utilstrekkeleg forlegning må ein pårekne at anlegget ikkje vert tilkopla før dette er i orden.**



To eksempel på utilstrekkeleg overdekning av inntakskabel